

Til Hordaland Nei til EU.

Voss, 6.mai 2012.

Hordaland Bygdekvinne­lag har fått ein førespurnad om me vil gje ein høyringsuttale til NOU 2012:2: ”Utenfor og innanfor – Noregs avtaler med EU”.

HBK takkar for at me får eit høve til å seia kva me syns. Dette er eit solid dokument, som ein treng tid til å tenkja igjennom på.

Me diskuterte dette på styremøte vårt 2.mai. I forhold til vår sjåstad og tidsramme på dette, vart me samde om å lesa igjennom tre kapittel som me syns har tilknytning til oss som bygdekvinne­lar.

Kapittel 17: Velferd og helse.

Kapittel 18: Distriks – og regionalpolitikk

Delkapittel 21.1 – 21.3 Mat og landbruk.

Me støttar/forheld oss til dykkar konklusjon på desse kapitlane.

NBK(Noregs bygdekvinne­lag) sin politiske plattform seier mellom anna at ”matproduksjon er beredskap og eit sikkerhetsnett for befolkningen”. Pr. i dag er Noreg utan kornlager og dermed utan sikkerhetsnett. Me har eit ansvar for å produsera mat og forvalta dei ressursane me har for å oppnå matsikkerheit i dag og i framtida, og bygdekvinne­laget krev attendeføring av å ha korn til eit heilt år på lager.

NBK meiner at alle land skal ha rett til å bestemma over eigen matproduksjon i tråd med matsuverenitetsprinsippet. I norsk samanheng er dette eit sær­ sars viktig prinsipp i forhold til EU –debatten.

Bygdekvinne­laget krev ein distrikspolitikk som opprettheld bygdene og gjer det attraktivt og bu der. Det vil seia at helsetenester, infrastruktur og kommunale velferdstenester vert oppretthalda.

Mvh.

Hordaland Bygdekvinne­lag – Brynhild Tennebekk Bjørke (styremedlem)